

Frå ein internasjonal arena

Innleiing

I god tid før februar 2024 nemnde eg for programkomiteen at eg kunne tenkje meg å fortelja litt om opplevingane mine på den internasjonale arenaen, for nettopp fordi eg i februar 1994 fekk ei utfordring som viste meg verdien av dette, både direkte og som kompetanseurvikling over tid.

Denne hendinga er her ein bit av ei større forteljing.

Utdanning, forskning og museum

Det fyrste eg tek med her er møtet med orlogsskipet Vasa under eit nordisk møte for studentavholdslaga i Norden.

Som vidaregåande studentar vart vi med på nordiske fagmøte i etnologi og folkløve. Møta var dominerte av universitetsfolk, men vi som arbeidde på museum eller i kulturvernet prøvde etter evne å vera med. Det var også tilfellet til etter at eg kom til NTfk.

Eg fekk sjansen til å vera med i Sønderborg i Danmark og Flensburg, no Tyskland der vi såg Nydam-båten.

Høgdepunktet i denne møterekka var Island i 1986 der vi mellom anna fekk invitasjon til president Vigdis på Bessastadir.

Italia

Som ein del av magistergradsstudien vart det lagt inn ein Italia-tur. Vi var i Roma og på landsbygda i Sør-Italia. Der greidde eg ikkje å forklare avholdsak og laut smake på bondens vin.

Maihaugen, Valdres Folkemuseum og Vestreheim

Ein dag kom konservator Darrell Henning frå Decorah, han vart min. Det starta med verktøykunnskap, men kom også raskt inn på at Vesterheim skulle hatt eit norsk hus. Det vart ei skikkeleg utfordring som eg tok med meg til Valdres.

Kontakten med dette miljøet har vore med meg gjennom det meste av tida, men husflyttinga vart den største saka.

Offentleg verksemd

I 1977 vart eg fylkeskonservator i NT.

NTfk hadde større utanlandskontakt enn dei fleste andre fylkeskommunar fordi Midt-Norden samarbeidet sto så sterkt. Riktig spanande vart det då samarbeidet vart utvida til også å gjelde Estland, som då var ein delstat i Sovjetunionen, dermed vart det ikkje rekna som utanrikspolitikk.

I 1990 fekk eg oppgåva med å leide ein delegasjon dit med Ants Sormul som lokalkjent og tolk. Då gjenvissitten kom i mai 1992 var eg i STfk - oppgåva tok eg med meg, gjenvissitten vart i Trondheim.

Utanriksdepartementet

Ud har ei kulturavdeling som støttar opp om kulturutvekslingar og presentasjon av norsk kultur i utlandet. Hausten 1985 var det eit stort seminar skandinavisk - amerikansk møte på Luther College i Decorah, IW.

Det var invitert mange foredragshaldarar frå Skandinavia, mellom dei mange norske. Ein av dei var styraren for Utvandarmuseet på Hamar, Reidar Bakken.

Men ein dag fekk eg ein telefon frå dep'et. RB hadde vorte sjuk og eg vart spurd om å hoppe inn på kort varsel.

Turen vart kombinert med nokre dagar i Washington DC, meir om det seinare.

Vesterheim, Det norsk-amerikanske museet.

Der fekk eg gjensyn med huset frå Moahaugen som eg hjelpte til med å få dit ti år tidlegare.

Sverresborg og Stiklestad

Som rådsmedlem frå NT var eg med i planleggingkomité for nybygg på Sverresborg. Nesten samstundes hadde eg permisjon nokre månader for å vera med på pålegginga av Stiklestad Nasjonale Kultursenter. Dette var i 1989 - 90

Det vart to studieturar til England der vi hadde god nytte av det internasjonale kontaktnettet mitt.

Internasjonale organisasjonar, ICOM og ICOMOS

UNESCO er FNs kulturorganisasjon, for tida ein organisasjon Trump ikkje vil vera med i. Hovudkontoret er i Paris. Under denne organisasjonen sorterar mellom anna Verdarvlista.

Det er også underorganisasjonar for museum, ICOM og kulturminnevern, ICOMOS.

Maihaugen var av dei musea som var store nok til å ha økonomi til eit institusjonsmedlemsskap. Men ganske snart ordna eg også personleg medlemsskap - som eg stadig har.

Sønderborg 5-7. juni 1874

Etter dette møtet rekna eg meg som aktiv medlem i ICOM og fylgde godt med i den informasjonen eg fekk.

ICCROM 1975

Då eg såg jolemessia frå Peterskyrkja i 1974 og innviinga av jubelåret 1975, hadde eg inga aning om at eg skulle oppleva det der. Men utpå nyåret kom det informasjon frå ICOM om eit kurs i sikring av museum i Roma. Dette hadde vore ei problemstilling av hadde vore konfrontert med på Maihaugen og som ikkje vedkom meg mindre som styrar på VFF.

Det vart to lærerike veker i Roma og starten på 20 års engasjement for denne saka i dei norske museumsorganisasjonane og i den internasjonale faggruppa ICMS under ICOM

Brannen i Erekbispegarden 18.8.1983

Denne brannen opna dei departementale augo for kor viktig det var at nokon engasjerte seg for sikring av musea våre. Det kom pengar på bordet både som tilskott til museum som ville gjera noko og til arbeidet i faggruppa vår. Då eg vart invitert som medlem i ICMS (International Committee Museum Security) fekk vi også støtte til denne deltakinga.

Det vart ti år med internasjonale møte, to gonger som vert, Trondheim 1985 og Stavanger 1995. Fleire gonger, mellom anna USA 1987 hadde eg førebudde innlegg.

Heile møterekka var slik: Stockholm 1984, Trondheim 1985, Argentina 1986, USA 1987, Frankrike 1988, Nederland 1989, Portugal 1990, Østerrike 1991, Canada 1992, Finland/Estland 1993, Israel 1994 og til sist for meg, Stavanger 1995.

Lillehammer OL og Skrik

Opningsdagen for Lillehammer Ol var det innbrot i Nasjonalgalleriet i Oslo der Edv Munks Skrik vart stole.

Eg fekk i oppgåve å ta med fagfolk for å gje museet råd. Brian Dovey frå UK, tidlegare Scotland Yard og Truls Erik Pettersen frå Oslo-politiet var med på oppgåva, Her var den internasjonale kontakten avgjerande viktig.

Svalbard og Russland

I 1997 vart eg tilsett på Svalbard. Ansaret mitt for kulturminner og arealplanlegging omfatta også dei russiske busetjingane. Det var til tider krevande, men også interessant og gjevande.

EØS

Samarbeid om tre i bygningar og bygningsmiljø mellom Færøyane, Scotland, Island og Midt-Noreg,

For meg vart det møteturar til Færøyane og Scotland.